

Oddgunn Keilegavlen Grane

Neset 9

6985 Atløy

Klage på Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av hytte med tilkomstveg – gbnr 124/29 Keilegavlen – sak 20/16745

Tiltakshavar: Oddgunn Keilegavlen Grane

Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS

Eg vil med dette **klage på vedtak i sak 20/16745** – Avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremål og forbod mot tiltak i strandsone for oppføring av hytte med tilkomst på gbnr 124/29 Keilegavlen.

1. Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og forbod mot tiltak i strandsona for oppfølging av hytte med tilkomstveg.

Det er i tillegg sendt byggesøknad om tiltaka. Denne er ikkje handsama grunna negativ svar på søknad om dispensasjonar.

Syner elles til:

- ✓ Søknad motteke av kommunen 08.10.20 og supplert 14.12.2020
- ✓ Vedtak om *Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg* – gbnr 124/29 Keilegavlen, delegertsak nr. 105/21
- ✓ Vedtak om *Løyve til utslepp av avløpsvatn – slamavskiller* – gbnr 124/29 Keilegavlen, Saksnr. 1171/20
- ✓ Samtykkje for å leggje VA-leidningar, veg og nytte privat veg på gbnr 124/2 ligg føre i delings sak 14/7026.

2. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og forbod mot tiltak i strandsona

I vedtaket står det følgjande: «*Fordelane som det blir vist til er hovudsakleg knytt til eigne behov og av privatøkonomisk karakter, og ikkje av omsyn til samfunnsmessig karakter eller relevante arealutnytingsomsyn som plan- og bygningslova si generelle formålsføresegn legg opp til.*» Eg har prøvd å syne at ei hytte i område ikkje vil påverke negativt på dagens gardsaktivitet eller drift. I tillegg vil området bli enda meir tilgjengeleg for andre som ønskjer å ferdast i naturen. Eg er villeg til å tilpasse ei eventuell hytte som skal gå fint i terrenget om det er ønskeleg. Det er vanskeleg å forstå at det skal vere «skjemmande» sett frå sjøen, med ei hytte i området.

Det er gitt løyve til utslepp og påkopling av kommunalt vatten, så dette er vurdert som eit greitt tiltak for kommunen. I tillegg vil ein bruke allereie opparbeida veg, slik at det skal ikkje utgjere store miljøutfordringar i området.

3. Samla vurdering

Når ein gjer ei samla vurdering av tiltaket, skal fordelane vere større enn ulempene for å gje dispensasjon. I den aktuelle saka er de kun statsforvaltaren som kjem med innvendingar og negativ uttale.

Eg meiner at kommunen må ta ansvar for det vedtaket som vart gjort i 2015, då dåverande eigar fekk skilt frå tre tomtar på garden til fritidsbudstader. At Statsforvalteren då ikkje fekk uttala seg i saka, skal ikkje føre til at eg blir straffa i dag med å ikkje få føre opp fritidsbudstad på tomten som eg eig, og er skilt ut til dette formålet. Eg held framleis fast på at eg aldri har fått noko som helst tilbakemelding på at dispensasjonar for byggjeprosjekt fall vekk etter tre år. Eg finn det svært undrande at det var mogleg å få dispensasjon frå LNF-føremålet og forbod mot tiltak i strandsona, då tomtane vart skilt frå gården i 2015, men at dei ikkje gjeld lenger når det skal byggjast fritidsbustad på eigedommen.

Eg ønskjer å vere med i utvalet som skal behandle klagen, samt taletid om det er mogleg.

Håper på at dette vedtaket kan endrast og at eg kan få byggje hytte på tomten min Keilegavlen.

Med venleg helsing

Oddgunn Keilegavlen Grane

Kopi: Kaland Trelast